



Til: Hengjos Venner V/Terje Nilsen

Vår ref.
13/1501-38/K2 - C50/CHMO

Nothengjo på Hellesøy – Uttale kommunen

Nærmiljøutvalget Bakken krins søkte om LivOGLyst – midlar til eit 3-årig utviklingsprosjekt for bygdene i Bakken krins for året 2013. Dei fekk tildelt 1-årig prosjekt med 70.000 kroner for året 2013. Dei fekk vidareføring i eit 3-årig prosjekt for perioden 2014-2016. Prosjektet er forankra i kommunen ved at kommunen bidrar med kroner 30.000 pr år. Øygarden kommune er også representert i styringsgruppa til prosjektet gjennom kulturleiar.

Øygarden kommune har hatt møter og dialog rundt prosjektet med restaurering av Hengjo på Hellesøy. Kommunen har brukt administrative ressursar på å avklare eigarforholdet rundt eigedomen som er tomt for Hengjo på Hellesøy. Kommunen har inngått avtale med alle grunneigarar om grunnavståing, det er no Stiftelsen Kystmuseet som eig tomten som Hengjo står på. På tomta ligg Hengjo samt adkomstvegar til eigedomar. Tomta er regulert til friområde.

Hengjos Venner har ansvaret for å utvikle og drive Hengjo i henhold til gjeldande reguleringsplan for Hellesøy hamn, utviklinga skal skje etter planar og budsjett godkjent av styret i stiftelsen Kystmuseet, stiftelsen Kystmuseet har fast plass i styret til Hengjos venner.

Øygarden kommune stiller seg positiv til arbeidet som er planlagt med restaurering av Hengjo. Dette arbeidet er tid-og ressurskrevande og kommunen vil etter beste evne legge til rette for prosjektet etter kvart som milepælar vert nådd. Hengjo er verna gjennom reguleringsplanen for Hellesøy hamn. Øygarden kommune vurderer Hengjo som eit viktig landemerke for staden Hellesøy og eit viktig kulturbygg for å verna om fiskerihistoria i Øygarden og på vestlandet. Hengjo på Hellesøy er eit av områda i vårt arbeid med kulturminneplan/registeringsarbeid som er fokusert på i arbeid med kulturminneplanen for Øygarden kommune

Kommunen har pr.d.d. ikkje øyremerka tilskot til dette prosjektet, men har gjennom 2013-2015 brukt administrative ressursar som har tilgodesett prosjektet.

Øygarden kommune har ein egen tilskotsordning knytt til «restaurering av kulturminne». Denne kan det søkast midlar frå i 2015. Kommunen har gjennom tilsegn frå fylket motteke kr. 100 000,- i tilskot til restaurering av Hengjo. Dette vil bli overført formelt etter ein skriftleg avtale med Hengjos venner.

Helsing

Christel Møvik-Olsen
Kulturleiar
Øygarden Kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur